



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Maritim og teknisk komite
Stad:	Telefonmøte
Dato:	06.09.2016
Tid:	09:30 – 09:45

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Anja Pedersen	Medlem	FRP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Runar Stave	Nestleder	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Frank Roy Moltu	Medlem	FOLK/SP

Andre: Politisk sekretær Brit Berge
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Sakshandsamar byggesak Marie Frøystad Voldsund

Møtet vart avvikla som telefonmøte.

Dersom 1/3 av medlemene krev det skal saka utsetjast til ordinært møte kan avhaldast, jfr. §1 forskrift om fjernmøter og skriftleg saksbehandling. Alle medlemene var samde i at møtet vart avvikla som telefonmøte

Leiar Idar Tarberg, Olaug Andreassen og Marthe Vågsholm Sævik møtte på rådhuset og dei andre medlemene vart knytte til telefonisk.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Frank Roy Moltu og Olaug Andreassen

underskrifter

Olaug Andreassen

Idar Tarberg

Frank Roy Moltu

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 59/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 60/16	Protokoll frå førre møte.
PS 61/16	Prego Restaurante AS 37/450 - Bruksendring for etablering av restaurant

PS 59/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 60/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte vert lagt fram i møte 27. september 2016.

PS 61/16 PREGO RESTAURANTE AS 37/450 - BRUKSENDRING FOR ETABLERING AV RESTAURANT

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 06.09.2016

PREGO RESTAURANTE AS 37/450 - BRUKSENDRING FOR ETABLERING AV RESTAURANT

1. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) av 27. juni 2008 nr. 71, § 21-4, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komité (MTK) søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3, jfr § 20-1, datert 08.07.2016.

MTK gjev løyve til bruksendring av andre etasje i eksisterande bygg på gnr 37 bnr 450, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 08.07.2016. Bruksendringa gjeld innreiing av andre etasje for etablering av restaurant og kontor.

Det vert gjeve fritak frå TEK10 § 14-5 krav til energieffektivitet og § 12-3 krav til størrelse på heis, jfr pbl § 31-2 fjerde ledd, slik som omsøkt.

2. Fylgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:
 - a. Søknad om løyve til tiltak med vedlegg, datert 08.07.2016
 - b. Situasjonsplan, datert 24.06.2016
 - c. Planteikningar
 - d. Erklæring om ansvarsrettar for SØK, PRO, UTF og KONT
 - e. Gjennomføringsplan, datert 08.07.2016.

3. Løyvet er elles gjeve på følgjande vilkår:
 - a. Det må opparbeidast/oppmerkast 23 biloppstillingsplassar på eigedomen, der minst 2 skal vere tilrettelagt for rørslehemma.
 - b. Det må etablerast fettutskiljar i tilknytning til restaurantverksemda, og det må etablerast rutiner for tømning for å hindre fettproblem frå verksemda på det kommunale nettet. Dette må vere på plass før tiltaket vert teke i bruk.
4. Før bygget kan takast i bruk, må det søkjast om ferdigattest/mellombels bruksløyve og søknaden må vere godkjent av kommunen, jfr pbl §§ 21-9 og 21-10.

Som vedlegg til søknad om ferdigattest/bruksløyve må det følgje:

- a. Komplett og oppdatert gjennomføringsplan for heile tiltaket.
- b. Der tiltaket krev avfallsplan/miljøsaneringsplan, jfr TEK10 §§ 9-6 og 9-7, skal dokumentasjon på faktisk disponering av avfall (sluttrapport) leggjast ved søknaden om ferdigattest/bruksløyve, jfr SAK10 § 8-1.
- c. Alle vilkår i høve utsleppsløyve for denne eigedomen skal vere dokumentert stetta i søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.
- d. Ved overlevering til ny eigar skal det følgje FDV-dokumentasjon for bygget. Dette skal gå fram av dokumentasjonen som ligg ved søknad om ferdigattest.
- e. Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

MØTET SLUTT!